

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5918 FREKHAUG

Dato: 25.06.2019  
Vår ref.: 2017/1634-16  
Saksbehandlar: larklem  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til offentleg ettersyn reguleringsplan for del av Mjåtveitmarka,- gnr 22 bnr 85 m. fl - Meland kommune

Vi viser til brev datert 22.05.2019 om høyring av forslag til detaljregulering for Mjåtveitmarka, gnr 22 bnr 85 mfl. Hovudføremålet i planen er å leggje til rette for bustader med tilhøyrande leikeplass og infrastruktur. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 16.02.2017.

### Vurdering

#### Barn og unges interesser

I regional areal- og transportplanen for Bergensområdet syner retningslinene til at «nye større bustadområde (15 einingar) skal ha dokumentert trygg veg til grunnskule og til kollektivstopp», og at «planar skal ha rekkefølgekrav om transporttilhøva ikkje er tilfredsstillande ut i frå omsyn til trafikktryggleik, tilrettelegging for gang og sykkel og kollektivtransport. Etter kommunens innstilling om krav for oppdatering av rekkefølgekrava før planframlegget kunne bli sendt til offentleg ettersyn, ser ein positivt på korleis planframlegget no tek omsyn til sikker tilkomst for barn og unge.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

## Naturmangfald

I planområdet er det funne to individ av mellomstore ask. Ask er kategorisert som sårbar (VU) i norsk rødliste av 2015. Då artar i sårbar kategori er av særleg stor forvaltningsinteresse bør tiltaket utvise omsyn til desse førekomstane av arten, og unngå at dei blir utilbørleg råka av utbygginga.

Ein vurderer det til at omsyn til naturmangfald bør bli omtala i planføresegnene. Ein syner til dei vurderingane i tilleggsnotatet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (opp mot naturmangfaldloven sin § 12), og ber om at omsyn til sårbare artar blir innarbeida tilstrekkeleg.

## Samferdsel

Det blir etablert ny tilkomstveg sør i planområdet via kommunal veg, og eksisterande gangveg vert vidareført langs fv 564. Dette synes å vere ein god løysing, og Hordaland fylkeskommune har ingen har ingen merknadar til denne samferdselsløysinga.

I føresegnene vert sykkelparkering nemnd, men blir ikkje gitt noko bestemt tal på sykkelparkeringar per eining. Dette bør sikrast i endeleg versjon som skal handsamast av kommunen.

## **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har ei merknad til handtering av naturmangfald i planforslaget, og ber om at dette blir innarbeida.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Lars Petter Klem  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Lars Petter Klem, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Sigrun Wølstad, Fylkeskonservatoren, AVDELING FOR KULTUR- OG IDRETT

Helene Moe, Fylkeskonservatoren, AVDELING FOR KULTUR- OG IDRETT

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland

Statens vegvesen - Region Vest